



Trykkservice AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1423 - 15/34141

Saksbehandlar:

Øystein Sørhaug

Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:

09.11.2015

Sakshandsaming - Nordhordland Senter v/ Trykk-service

Administrativt vedtak.

Vedtak

Lindås kommune er positiv til søknaden frå Trykk-service og vil gje støtte på 50.000kr frå næringsfondet.

Saksutgreiing

Trykkservice er eit firma i Knarvik som tilbyr tenester innanfor grafisk design, trykksaker og profilering. Firmaet vart etablert i 1995 og har lokaler i Kvassnesvegen 58.

Det eksisterer ein del spennande planar i Kvassnesvegen 58, kor nye aktørar etablerer seg og kor verksemdene samarbeidar tett innan marknad og sal. Dette omsøkte prosjektet har også tilsvarande eigenskapar.

Trykkservice ser for seg å etablera eit virtuelt kjøpesenter på internett, kor butikkar i regionen kan vera synlege med eit utplukk av varer og tenester. Det virtuelle kjøpesenteret vil tilby gratis oppstart av nettbutikk til dei som ønskjer seg eit «lokale» å stille ut og selgja sine varer og tenester. Kjøpesenteret vil tilby ein senterleiar, som skal vera felles ansvarleg for felles marknadsaktiviteter, vedlikehald og support.

Gevinsten for dei ulike butikkane er her å få stordriftsfordeler innan marknadsføring og ein ny distribusjonskanal for sal av varer og tenester. I tillegg er heile ideen om eit virtuelt kjøpesenter ein ny innovasjon, som skil seg vekk i frå tradisjonelle nettsider og nettsider for tradisjonelle kjøpesentre.

Det virtuelle kjøpesenteret vil ha som forretningsmodell å ta ein %-vis andel av omsetnad frå dei aktuelle butikkane som har knytta seg til senteret. Det er alt hatt ein dialog med moglege kunder og samarbeidsaktørar, og responsen frå marknaden har vore gjennomgåande god. Det betyr at her bør vere interesse for eit slikt senter.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Trykkservice vil inngå eit samarbeid med Betaphysical, som alt har utvikla koden for ei slik nettside med teknisk infrastruktur. Noko modifikasjonsarbeid må påreiknast, og Betaphysical har lagt til grunn ein kostnad på cirka 200.000kr til akkurat dette. Det er eit godt alternativ ift. å få bygd opp systemet frå botn av, noko som sannsynlegvis hadde kosta over eit seksifra beløp. Etter råd frå nærings sjef i Lindås kommune, har Trykkservice no forhandla seg fram til 50% eigarskap i den utvikla koden, slik at dei kan ekspandera i andre geografiske marknader ved behov for ekspansjon. Kommunen har med andre ord ein lokal aktør som vil eiga ekspansjonsmoglegheitene.

Trykkservice søker om eit bidrag frå næringsfondet på 50.000kr (25% av prosjektkostnader på totalt 200.000kr).

Vurdering

Lindås kommune sitt næringsfond har vidare som føremål å styrka næringsliv og sysselsetting i kommunen. Næringsfondet er og oppteken av samarbeidstiltak og nettverksutvikling for bedriftene. Ein viktig strategi i den felles næringsplanen til Lindås og Austrheim kommune er «attraktiv bu- og opplevingsregion».

Regionsenteret Knarvik er avhengig av arbeidsplassar, innovasjon og kreative ressursar. Dette prosjektet vil vere eit viktig bidrag for å få til ny innovasjon på internett, det vil vere eit viktig samarbeidstiltak for bedriftene som sluttar seg til og det vil vera lokale aktørar som eig ideen til å ekspandera i nye geografiske marknader.

Lindås kommune vil gje støtte frå næringsfondet til investeringar som omsøkt, herunder 50.000kr (25% av prosjektkostnadane). Tilskotet kan betalast ut på forskot, då ber me om å få tilsendt eit kontonummer.

Lindås kommune ynskjer til slutt ein enkel oversikt som viser kva pengane er brukt på, etter at prosjektet er ferdig.

Lindås kommune ynskjer vidare at den økonomiske støtta frå kommunen vert nytta i marknadskommunikasjonssamanheng, spesielt om verksemda får oppslag i media/lokalmmedia.

Lindås kommune ynskjer lykke til!

Med helsing

Øystein Sørhaug
nærings sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trykkservice AS